

Fagskuleutdanning – Arborist



- Søknadsfrist 15. april 2018 (opptak annakvart år)
- Studiestart august/september 2018, dersom nok søkarar
- Stad: Hjeltnes, Ulvik i Hardanger
- Meir informasjon om utdanninga: www.hfk.no/fagskole
- Søk via nettsiden: www.vigo.no

Kort om utdanningsopplegget:

Utdanninga gjev 60 fagskulepoeng, dvs det er eit års utdanning, som vi tilbyr over 2 skuleår. Det er samlingar på skule om lag 1 veke pr måned i tillegg skal studenten ha praksisveker i bedrift. 1. skuleår skal studenten gjennomføre 5 veker praksis i bedrift, 2 året er det 7 veker.

Emna i utdanninga omfattar:

- Klatreteknikk
- Trebiologi
- Vekstfaktorar
- Trepleiefag
- Trevurdering
- Dendrologi
- Skadegjerarar
- Bedriftslære

Sjå meir om utdanninga: <https://www.hordaland.no/nb-NO/skole/fagskolene-i-hordaland/arborist/arborist/>

Hjeltnes har internat som du kan bu på under samlingane i Ulvik.

Litt historie:

Initiativet for å få ei offentleg godkjent utdanning for arboristar i Norge, kom frå Norsk Trepleieforum avdeling Vest til Hordaland Fylkeskommune. Fylkeskommunen, Norsk Trepleieforum (NTF) og Hjeltnes starta arbeidet med planlegging av studiet i 2006 og i 2009 kom godkjenninga frå NOKUT (Norsk Organ for Kvalitet i Utdanning). Studiet starta opp hausten 2010, på Hjeltnes, Ulvik i Hardanger, og har på dei 3 første studentkulla utdanna 32 arboristar!



Studentkull 2016-18